

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 18.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingvild Braut  
**SAKA GJELD:** **Oversikt over høyringar**

**ARKIVSAK:** 2023/75  
**STYRESAK:** **091/23**

**STYREMØTE:** **04.10.2023**

**Administrerande direktør si orientering pkt. 3**

.....

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
1 Fag	<b>Høyring - Ny nasjonal kreftstrategi 2024-2028</b>  Helsedirektoratet arbeider med ny kreftstrategi, og ynskjer å innlemma ny kunnskap på kreftområdet i strategien. Dei er bedt om å sjå til ambisjonane definerte i Hurdalsplattformen om <ul style="list-style-type: none"><li>• å desentralisera delar av kreftbehandlinga</li><li>• å ha kapasitet for å utføra gentesting tidlegare i behandlingsforløpet</li><li>• å styrkja ettervernet</li></ul> Kreftstrategien skal byggja på føringar som ligg i strategien for persontilpassa medisin og vera koordinert med det kreftførebyggjande kreftarbeidet til EU.	Vidaresendt helseføretaka og HDS.	29.10.2023

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
2 Eigar	<p><b>Høyring - Meldingsprofil for svarrapportering av medisinsk-genetiske laboratorieanalyser</b></p> <p>Rekvirering og svar av medisinsk-genetiske analyser blir i dag sendt i hovudsak på papir. Formålet med ein eigen elektronisk meldingsprofil for svarrapportering av medisinsk-genetiske undersøkingar er å leggja til rette for elektronisk samhandling. Profilen gjer det tydeleg kva for eit standardisert format medisinsk-genetiske prøvesvar skal sendast på.</p>	Vi sender høyringsuttale.	14.12.2023
3 Eigar	<p><b>Høyring - Forslag til endringar i plan- og bygningslova om grunneigarfinansiering av infrastruktur, utbyggingsavtalar osv.</b></p> <p>Det overordna målet med forslaget til ny finansieringsmodell for infrastruktur er å leggja til rette for raskare bustadbygging. Forslaget skal betra føreseielegheita for utbyggjarar og kommunar ved å synleggjera behovet for offentleg infrastruktur og kostnadene på eit tidlegare tidspunkt enn etter dagens system.</p> <p>Forslaget opnar for at kommunen kan vurdere behovet for offentleg infrastruktur for eit større område, sørgja for tidleg medverknad frå ramma aktørar, og leggja til rette for at dei nødvendige infrastrukturkostnadene blir fordelte på fleire utbyggjarar enn i dag. Det er eit siktemål å unngå dagens problem med at nokre utbyggjarar kan bli såkalla gratispassasjerar.</p> <p>Det vil vera frivillig for kommunen å ta i bruk den nye finansieringsmodellen.</p>	Vi sender høyringsuttale.	12.12.2023
4 E-helse	<p><b>Høyring - Prøvesvaret til pasienten i nasjonal kjernejournal</b></p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet føreslår endringar i kjernejournalforskrifta § 4, slik at forskrifta opnar for lagring av laboratorie- og radiologisvar (prøvesvar). Den enkelte skal kunna reservera seg mot slik lagring. Prøvesvar skal omgåande vera tilgjengeleg for helsepersonell via kjernejournal. Det skal etablerast ein mekanisme for utsett digital tilgjengeleggjering av prøvesvar via helsenoreg.no, slik at helsepersonell blir gitt høve til å informera pasienten personleg. Departementet foreslår at forskrifta også skal kunna omfatta prøvesvar frå genetiske undersøkingar. Genomet til pasienten eller eksom vil ikkje koma fram.</p> <p>Vidare er det foreslått at dataansvaret for nasjonal kjernejournal og reseptformidlaren (e resept) blir overført frå Norsk helsenett SF til Helsedirektoratet.</p>	Vi sender høyringsuttale.	13.11.2023
Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist

<p><b>5</b></p> <p>Fag</p>	<p><b>Høyring - Nasjonalt handlingsprogram med retningslinjer for utgreiing, behandling og oppfølging av primær leverkreft</b></p> <p>Helsedirektoratet har sendt utkast til Nasjonalt handlingsprogram for retningslinjer for diagnostikk, behandling og oppfølging av primær levertkreft på høyring. Dette er eit nytt handlingsprogram som ikkje tidlegare er publisert.</p>	<p>Blir videresendt HF-a for innspel.</p>	<p>16.10.2023</p>
<p><b>6</b></p> <p>Eigar</p>	<p><b>Høyring - Endring i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar</b></p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet føreslår endringar i beløpa som verksemdar skal betala for dei fire nasjonale e-helseløysingane; helsenettet med grunndata og heilseid, e-resept, kjernejournal og helsenoreg.no. Samla er kostnadsveksten frå 2023 til 2024 anslått til 170 mill. kroner. Forslag til endringsforskrift inneheld tal før prisjustering, og beløpa vil derfor bli prisjustert før forskrifta blir fastsett.</p>	<p>Vi sender høyringsuttale.</p>	<p>10.11.2023</p>
<p><b>7</b></p> <p>Fag</p>	<p><b>Høyring - Tverrfagleg helsekartlegging av barn i barnevernet</b></p> <p>Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) ønskjer innspel, tilbakemeldingar og forbettringsforslag som kan gjera nytteverdien av tilrådingane best mogleg.</p>	<p>Vi sender høyringsuttale basert på innspel frå helseføretaka.</p>	<p>31.10.2023</p>
<p><b>8</b></p> <p>Fag</p>	<p><b>Høyring - Plikt til å sørge for beredskapslagring av seks månaders normalforbruk av smittevernutstyr til bruk i helse- og omsorgstenesta</b></p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt forslag til endring av forskrift om krav til beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid osv. etter lov om helsemessig og sosial beredskap på høyring. Departementet foreslår at kommunar, fylkeskommunar og regionale helseføretak skal sørge for beredskapslagring av smittevernutstyr tilsvarende seks månaders normalforbruk for helse- og omsorgstenesta i eiga verksemd, eigd verksemd og verksemd som etter avtale yt helse- og omsorgssteinestar til befolkninga.</p>	<p>Vi sender høyringsuttale.</p>	<p>01.11.2023</p>
<p><b>9</b></p> <p>Fag</p>	<p><b>Høyring - Rapport frå ekspertutval som skulle evaluere vilkåret om manglande samtykkekompetanse for bruk av tvang i psykisk helsevern (Samtykkeutvalet)</b></p> <p>Helse- og omsorgsdepartementet har sendt rapporten frå ekspertutval (Samtykkeutval) på høyring. Samtykkeutvalet har evaluert vilkåret om manglande samtykkekompetanse for bruk av tvang i psykisk helsevern.</p>	<p>Vi sender høyringsuttale basert på innspel frå helseføretaka.</p>	<p>01.11.2023</p>

Nr.	Saka gjeld	Prosess	Svarfrist
10  MOT	<p><b>Høyring - Forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning</b></p> <p>Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til endringar i lov og forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova og fagskuleforskrifta) på høyring.</p> <p>Høyringsnotatet inneheld forslag om tilgang til å søkje om institusjonsakkreditering, ein generell unntaksheimel frå fagskulelova, dispensasjon frå opptakskrav, rett til permisjon frå studia, forbod mot gjengjelding dersom ein student varslar om kritikkverdige forhold og andre endringar i lov og forskrift.</p>	Vi sender høyringsuttale basert på innspel frå helseføretaka.	12.10.2023
11  Fag	<p><b>Høyring NOU 2023: 16 Evaluering av pandemihandteringa - rapport frå Koronautvalet</b></p> <p>Justis- og beredskapsdepartementet har sendt rapporten frå Koronautvalet om evaluering av pandemihandteringa på høyring.</p> <p>Kongen i statsråd utnemnde i april 2022 eit utval som skulle evaluere handteringa til styresmaktene av covid-19-pandemien samla sett, og i tillegg evaluere omikronhandteringa i perioden frå 1. november 2021 til tentativt 1. mai 2022.</p> <p>Departementet ber spesielt om synspunkt på tilrådingane og læringspunkta frå utvalet.</p>	Vi sender høyringsuttale.	16.10.2023
12  Fag	<p><b>Høyring NOU 2023:17 No er det alvor - Totalberedskapskommisjonen</b></p> <p>Justis- og beredskapsdepartementet har sendt NOU 2023:17 - No er det alvor - Totalberedskapskommisjonen, på høyring.</p> <p>Totalberedskapskommisjonen vart nedsett ved kongeleg resolusjon den 21. januar 2022. Kommisjonen skulle vurdere korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg for å vidareutvikle samfunnstryggleik og beredskap.</p> <p>Mandatet til kommisjonen var mellom anna å gi ei prinsipiell vurdering av styrkar og svakheiter i dagens beredskapssystem. Den skulle vurdere og framme forslag til korleis dei samla ressursane i samfunnet kan og bør innrettast for å vidareutvikle samfunnstryggleik og beredskap, og sikre best mogleg samla utnytting av beredskapsressursane.</p>	Vi sender høyringsuttale.  Styresak i dette møtet.	16.10.2023